

**VEDTEKTER
FOR
EIGARSEKSJONSSAMEIGET «GRODÅSBAKKANE I»**

1. Egedommen – formål.

Eigarseksjonssameiga Grodåsbyggane 1 (i det følgjande kalla sameiga) omfattar egedommen gnr. 206 bnr. 188 i Hornindal 1577 Volda kommune og påståande bygningar.

Sameiga har til føremål å ivareta sameigarane sine felles interesser og administrasjon av egedommen med tilhøyrande anlegg.

2. Organisering av sameiga.

Egedommen består av 20 seksjonar - bustad. Til kvar seksjon er knytt einerett til bruk av ei brukseining.

Alle bueiningane er like med eit bruttoareal på 82 m². Sameigebrøkane er såleis lik for alle seksjonane.

3. Rettsleg råderett.

Den einskilde sameigar har full rettsleg råderett over sin seksjon inkl. tilleggsdelar til denne. Dei andre sameigarane har likevel panterett i seksjonen for ubetalte felleskostnader for eit beløp avgrensa til folketrygda sitt grunnbeløp jf. Eigarseksjonslova § 31.

4. Rett til bruk.

Den einskilde sameigar har rett til bruk av si brukseining og rett til å nytte fellesareal til det dei er føresett nytta til. I samsvar med dette disponerer kvar av sameigarane den del av utearealet som høyrer naturleg til eigen seksjon rundt inngangsparti - uteplass. Det vert vidare føresett at kvar brukseining disponerer areal avsett til parkering ved sin seksjon eller på parkeringsplass på fellesareal.

5. Felleskostnader.

Kostnader med egedommen som ikkje knyter seg til den einskilde seksjon er felleskostnader som vert fordelt på sameigarane etter sameigebrøk.

Dersom særlege grunnar tilseier det kan ein kostnad fordelast etter nytten for den einskilde brukseining eller etter forbruk.

Den enkelte seksjon sin del av fellesutgiftene skal fastsetjast særskilt og sameigestyret skal opprette ein eigen konto som vert å nytte til innbetaling av desse utgiftene.

6. Vedlikehald.

Den einskilde sameigar skal fullt ut og for eiga rekning vedlikehalde eiga brukseining slik at det ikkje oppstår skade eller ulempe for dei andre sameigarane. Det same gjeld for fellesareal der ein seksjonseigar er gjeven mellombels einerett til bruk.

Vedlikehald av eigedommen med bygningar, fellesareal, anlegg og utstyr er sameiget sitt ansvar.

7. Styret.

Sameiget skal ha eit styre som skal bestå av ein leiar og minst 2 medlemmer. Styret vert vald ved vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Leiaren vert vald særskild. Styremedlemmene vert valde for 2 år om ikkje anna vert fastsett av årsmøtet.

Styret skal syte for vedlikehald og drift av eigedommen og elles syte for forvaltninga av sameiget sine gjeremål i samsvar med lov, vedtekter og vedtak i årsmøtet.

8. Årsmøtet.

Sameiget sitt øvste mynde vert utøvd av årsmøtet. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av april. Styret skal på førehand varsle sameigarane om dato for møtet og om siste frist for innlevering av saker som skal handsamast.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt og elles når nokon av sameigarane krev det.

Innkalling til årsmøte skjer skriftleg og med minst 8 dagars varsel. Vedlagt innkallinga skal følgje sakliste over saker som skal handsamast i årsmøtet.

På årsmøtet har kvar av seksjonane ei stemme.

9. Endringar i vedtektene.

Endringar i sameiget sine vedtekter kan vedtakast av årsmøtet med minst 2/3-delar av dei avgjevne stemmene om ikkje lov om eigarseksjonar eller vedtektene stiller strengare krav.

10. Generelle plikter.

For tilhøve som ikkje er regulert i vedtektene vert det vist til lov om eigarseksjonar (lov av 16. juni 2017 nr. 65).